

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/17	Formannskapet	PS	23.02.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Therese Urdahl Braseth	17/503

Sal av del av gbnr 108/90 - Grønfjellet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- 1)Kommunestyret vedtek sal av del av eigedom gbnr 108/90.
- 2)Rådmannen rår til at salsinntektane i sambank med tomtosal setjast på investeringsfond.

.....

Formannskapet - 013/17

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- 1)Kommunestyret vedtek sal av del av eigedom gbnr 108/90.
- 2)Rådmannen rår til at salsinntektane i sambank med tomtosal setjast på investeringsfond.

Saksopplysningar: Politisk handsaming


Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Kommunen har fått ei henvending frå eiger av gbnr 108/116 på Grønfjellet som ynskjer å kjøpe del av gbnr 108/90.

Tomta det er snakk om er ei trekant på 101,3 m². Sjå bilete



Vurdering

Kommunen har ikkje installasjonar på tomta, og tomta har heller ikkje veitilkomst. Arealet er regulert til bustadformål og har, slik vi ser det, kun verdi for tilstøtande naboar. Ved vedtak om sal vil administrasjonen henvende seg til tilstøtande naboar og høyre om fleire er interessert i å vere med på ei budrunde på tomta.

Gbnr 108/90 består av 3 teiger. Ved sal må vi ha eit delingsvedtak og tomta må skiljast ut. Anbefalt metode: arealoverføring.

Utgangspunkt for pris: Lite egna areal for andre enn dei som grensar til. Få potensielle kjøparar, lite areal og utan vegtilkomst. Utgangspunkt for forhandling/bud: 150kr pr m². Kjøpar tek alle kostnader med deling, tinglysing etc.

.....

